



Tidsklemma.

Vi held fram serien vår med gode limerickar frå facebook-sida *Limerickens beste venner*. Limerickane er skrivne av Olaf Agnar Gausvik, og i alle har han henta inspirasjon frå morsame innspel og bilete med fine og underfundige tekstar som dei to padlarane Bjarte Eik og Øystein Enæs har posta på facebook.

Dagens tema er altor aktuelt, men vi håpar i alle fall dei fleste klarer å lausriva seg frå det no i ferietida, tidsklemma. Gode råd fekk vi frå Bjarte Eik, og det har vore 'fødselshjelp' til denne limericken frå Olaf A. Gausvik:

**Om tidsklemma opplyser Bjarte
om eit tiltak som er heilt aparte.
Ho er løyst med eit knep,
kun eit ørlite grep.
Det enkle er ofte det smarte.**

God og avslappende ferie!

Nett: Thor Inge Døssland.